Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kinsarvik

Emne: Brynet.

Bygdelag: Nesstrond

Oppskr. av: Margreta Lutro

Gard: Lutro.

(adresse): Lofthus, Hardanger

G.nr. 151 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Her segjer me: å bryna ein kniv, å bryna ei øks, men me kvessjer ein ljå. Ein „Heidn" er ein nokso harare og ikkje so grovlagd brynestein.

2

No då her er kome kunststein i handelen, so brukar ein ogso slike bryne. Elles so er her bryneberg både på Årekol og på Lange-seter. Der arbeider dei ut bryne til salg. På „Kjusu", eit fjell ovanum Kinsarvik, finn ein dei harare, finare brynesteinn, som ein kallar „Heidn"

3

Ein stor „Heidn" påløg 30 cm. lang 8 cm breid og 8 cm. høg heiter ein Sendar. På han kvesser ein hårettenner og andre finare knivar utan å slipa dei fyrst.

4

Gamle folk, som eg minnest forteld, at fyrr var det smidd a

på med kvart gardsbruk.
Då var det husbonden, som
tynte „Gjaodna". Dei bruka
trekkol i avlen og banka ut
Gjåen med ein hamar og tynte
soleis ut eggi på ambolten.
Det var helst tidleg um mar-
gonen eller ogso um kvelden,
at tynningi vart gjord.
Denne skikken varde til ikring
1800.

5.
Gamle „Sendarar" fanst her alt
på gardarne endå. Men det
er helst snikkarane som
brukar dei til å kvessa høvel-
tennar på. Slipesteinen stod
heime med husi, og „Gjaodna"
vart alltid slipte tidleg um
morgonen, fyrr ein gjekk til
teigs.

6
Var ein hendug med Gjåen,
flink til å knakkja, og ikkje
rende burt i korkje stein,
stu eller stakje, so kunde
ein bruka same Gjåen heile
dagen. Men dei, som var mind-
re førde, bruka både Ljå & Gjå.

7
Um hus ein brukar brynes
brynestein.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8
Fyrr brukta ein alltid å
festa ljåen til orvet med ei
fin vidja. Då tok ein ikkje
ljåen av orvet, når ein
slipte. No festar ein ljåen til
orvet med ein jarnring og
ein kile og tek alltid ljåen
av orvet, når ein slipar og
held då alltid eggi mot seg.

9
Når ein knakkjer ein stuttorv
set ein orvet imillom fø-
tene. Men på langorven
set ein det på marki.

10
Bryne vert bori i ein kolk,
som er av tre eller sink.

11
Ikkje i manns minne.

12
Kolken hengjer eins på høgre
sida, festa i eit belte.

13
Ein brukar alltid vatn
til å væta brynet med.

14
Det mjålet, som kjem, når
ein bryner kallar me for
gryo

15 og 16
At gro hev vore brukta
som lyd for ringarne

248
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

eller andre sykje, so har
ikkje noko fråsegn ùmo.

17 og 18
Noko regla ùm brynet,
kjenner me ikkje til.

19
Sa ein noko, når ein spytta
på brynet, so måtte det vel
vera: "Tui"!

20
Har det <u>vore</u> noko, so er det
gløymt og burte for lenge sidan.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
248